



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1971

Navnet på vatnet Austbøstemmen
Kommune Pennesøy

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

A U S T B Ø S T E M M E N

Fiskeanalysen vart foreteken den 20 sept. 1971.

Vatnet ligg i Rennesøy kommune, nord for Førsvoll, og i ei høgd av 82 m.o.h.

Arealet er omlag 4 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn der største djupet er å finna i den nordre delen.

Stranda består for ein del av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er lite med vegetasjon ein vil finna i vatnet, men nær land veks der sivvekster på sine stader.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturgeite og snaumark. Her veks ein del kulturskog og spredt bjørkeskog, med einer, reslyng m.v. som undervegetasjon.

Det største tilsiget fell inn i sør og kjem frå Førsvollvatnet m.fl. Forutan dette fell der inn nokre mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut ved Demmen i nord og går til sjøen i Eltervåg.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul. Dette indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.4 som er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.5 mg/l og den totale hardheita 5.8 mg/l. Dette er bra i høve til andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 52.2 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 7.0 m djup og ein kom fram til følgjande resultat:

På 2.0 m vart der funne 3 vårflugelarver, 4 fåbørstemark,
 2^2 7 fjærmygglarver og 3 muslingar - i alt 170 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 9 fjærmygglarver og 1 musling - til saman 100 individ pr. m^2 .

På 7.0 m vart det funne 14 muslingar og 2 fjærmygglarver - i alt 160 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der er lite med botndyr i vatnet.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foretken, tok ein mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne vårflugelarver, muslingar, fjærmygglarver, plankton, døgnflugelarver, buksvømmere, vannkalvlarver og maur. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 96 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil dette sjå ut som nedanfor.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 5 lys-røde - resten kvite i kjøttet.

Der var 13 hanfiskar og 12 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.6	9.5	15.6	19.6	22.0	24.8
Årleg lengdetilvekst i cm	4.6	4.9	6.1	4.0	2.4	2.8
Antall fiskar	25	25	25	23	12	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.04 tilseier fisk av bra kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Austbøstemmen og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, så er ikkje vekstkurven så god som ynskjeleg. Den ligg stort sett under normalkurven og fisken går mot ei maksimal-lengd på ca 25 cm. Ein del større fisk enn dette vil der nok finnast, men der er neppe mange av desse.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Austbøstemannen er eit relativt næringsrikt fiskevatn der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon. Vidare at vatnet er noko overbefolka i dag.

Dei kjemiske tilhøva er gode sjølv om det var i minste laget med botndyr vi fann. Dette kjem av det store fiskebestandet som går og beitar storparten av året.

Ser vi på omfarfordelinga så fortel denne at 80 % av fiskane vart fanga på dei 2 småmaska garna våre (26 og 32 omf). Det er såleis småfisken som fullt ut dominerer i dag og dei større fiskane er mangelvare. Den vanlege storleiken på fisken er 19-23 cm.

Vekstkurven kuliminerar og altfor tidleg, så om tilhøva var gode skulle ikkje normalkurven blitt kryssa før ved 5-6 års alder. Dette ville ha gitt ein heilt annan fiskekvalitet.

Når kondisjonsfaktoren var såpass god kjem dette av at det var berre småfisk vi fanga og denne har som regel alltid høgare K-faktor enn den større fisken.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn, er som kjent nedslagsfeltet då det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som dei fører med seg vil setje sitt preg på vatna - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Austbøstemmen må seiast å vera godt, då her er mykje kultivert mark m.v., så det er verdfulle næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet.

Gytetilhøva er relativt gode i tilsiget frå Førsvollvatnet, men dette ser og ut til å vera einaste staden fisken kan gyta.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å redusere fiskebestandet noko, då dette i dag er i overkant av vatnet si bæreegne.

Kjøp inn 5-6 garn av småmaska omfar (26-32) og driv eit noko hardt garnfiske med desse. Det er om hausten, når nettene er mørke og lange, at ein kan gjera dei største fangstane. Ved å få bort ein del av gytefisken vil ein samstundes få bort dei årgangane med yngel og småfisk som ville kome frå desse.

Kor mykje fisk ein skal ta ut, er det alltid vanskjeleg å seie. Som regel vil den fisken som er att i vatnet gi svar på dette. I det heile er Ausbøstemmen eit sært greit og oversikteleg vatn, så ved å fylgje litt med, kan ein føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv ynskjer.

Vidare burde der skipast til eit grunneigarlag for vatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Ålen er ein godt betalt matfisk så denne må ein nyttiggjera seg. Montér ei ruse på utfallsbekken og fang utgangsålen her. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Etter 4-5 år bør der takast ein ny analyse.

Stavanger 21/2 1972

Einar Berg